

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 161/2018**

2021/EØS/13/39

av 6. juli 2018

**om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2018/666 av 27. april 2018 om endring av avgjerd 2014/312/EU med omsyn til det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til måling og lakk til innandørs og utandørs bruk skal gjelde for<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I EØS-avtala vedlegg XX nr. 2v (kommisjonsavgjerd 2014/312/EU) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32018 D 0666**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2018/666 av 27. april 2018 (EUT L 111 av 2.5.2018, s. 2).”

*Artikkel 2*

Teksta til avgjerd (EU) 2018/666 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 7. juli 2018, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 6. juli 2018.

For EØS-komiteen

***Oda Helen Sletnes***

Formann

<sup>(1)</sup> TEU L 111 av 2.5.2018, s. 2.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.